




# Årsmelding 2021



## 2: OM OSS

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### OM OSS 2.1

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Administrasjonen er på Heiane, i Stord kommune.

48 673 abonnentar

Eigarkommunar: Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Innbyggjarar: 61 055

Hushaldsabonnentar: 27 234

Hytte abonnentar: 8 286

Abonnentar som heimekomposterer: 3 078

Abonnentar med slamavskiljar: 13 153

Kilo avfall per innbyggjar 2021: 461 kg

#### OM OSS 2.2

SIM har ansvar for innsamling av alt hushaldsavfall og slam frå dei 61 055 innbyggjarane og 8 286 hyttekundane i medlemskommunane. I alle kommunane er det innført henteordning for bio-, papir- plastemballasje, glas og metallemballasje - og restavfall.

Administrasjonen held til på Heiane i Stord kommune, der selskapet har administrasjonsbygg, miljøsentral og omlasteanlegg. Det er i tillegg miljøsentralar i alle eigarkommunane. I Svartasmøget, Fitjar kommune, har selskapet kompostanlegg og deponi. SIM legg vekt på førebyggjande tiltak for å redusera miljøforureining av luft, vatn og nærområde. Selskapet arbeider for å oppfylla miljøkrav og leggja til rette for at ressursane i avfallet vert nytta.

#### OM OSS 2.3

##### § 4 Føremål

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærmere avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning.
4. Å bidra til miljøtiltak i eigarkommunane.
5. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

##### § 5 Selskapet sine oppgåver:

1. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
2. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallshandsaminga.
3. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.
4. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallshandsamingsmetodar.

## 2: OM OSS

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### OM OSS 2.4 Representantskap, styre og administrasjon

##### Medlemskommunar:

Austevoll

Bømlo

Fitjar

Stord

Sveio

Tysnes

Kvinnherad

**Representantskap:** 23 medlemmar

**Leiar:** Ordførar i Bømlo

**Styret:** 7 medlemer og 1 representant for tilsette.

**Leiar:** Solveig Grønsdal (Stord)

**Administrasjon og hovudanlegg:** Heiane, Stord

**Dagleg leiar:** Ole Johannes Støle

#### OM OSS 2.5

##### Organisering

Representantskapet er det øvste organet i SIM.

Eigarkommunane vel medlemer til representantskapet, og representantskapet vel styret. Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta.

##### Representantskap

Folketalet avgjer kor mange medlemer kvar eigarkommune har i representantskapet. Kommunestyra vel medlemer og personlege varamedlemer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemene er fordelt slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2. Representantskapet hadde eit møte i 2021 (30. april) og handsama 13 saker.

##### Styre

Det er éin styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Representantskapet vel styremedlemene. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det éin representant frå dei tilsette i styret. Styret hadde sju møter i 2021.

#### OM OSS 2.6 Styret i SIM 2021

Solveig Grønsdal  
Styreliar

Elisabeth Sandven  
Nestleiar

Edvard Johannes Stangeland  
Styremedlem

Lisa Instefjord Gilje  
Styremedlem

Inge Reidar Kallevåg  
Styremedlem

John Kristian Økland  
Styremedlem

Marit Årthun  
Styremedlem

Frank Verpelstad  
Styremedlem

Ole Johannes Støle  
Dagleg leiar

## **3: DAGLEG LEIAR**

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

### **DAGLEG LEIAR 3.1**

«Siste året har SIM forbetra sine rutinar for revisjonar av våre avtalepartar. Dette vil i endå større grad sikre oss at arbeidet vert utført som avtalt og at gjeldande regelverk vert fulgt.»

**Ole Johannes Støle**

Dagleg leiar

### **DAGLEG LEIAR 3.2**

#### **Sikkerheit fyrst**

Dette var året me igjen fekk ein skikkeleg vinter. Vekevis med kulde og snødekkje førte til at sjåførane som hentar hushaldsavfallet fekk ekstra lange og krevjande dagar. Enkelte kundar opplevde at dunken ikkje vart tømt dei glattaste dagane. Vegen vart ikkje vurdert til å vere i forsvarleg stand til at bilane kunne køyre trygt fram. At tilsette vurderer helse, miljø og sikkerheit som høgaste prioritet er ein kultur me ynskjer å ta vare på. Gode rutinar for oppfølging og dialog med våre samarbeidspartnerar bidreg og til same fokuset hos alle som er engasjert på vegne av SIM.

Den kalde vinteren resulterte i ein roleg start på året for miljøsentralane. 22 % nedgang i besøkstala dei to fyreste månadane, gjenspeilar temperaturen og køyreforholda i byrjinga av året. Dette tok seg etter kvart kraftig opp, og året enda med 81 042 besökande som er høgaste nokon gong!

### **DAGLEG LEIAR 3.3**

#### **Viktigare rolle i arbeidet mot eit sirkulært samfunn**

Forventningane samfunnet har til gjenvinningsbransjen som ein sentral aktør mot eit meir sirkulært samfunn er aukande, også til SIM. Dette set krav til at verksemda held seg orientert, føl med på og er omstillingsviljig til nye og meir miljøvenlege løysingar. SIM har stor nytte av eit aktivt medlemskap i Avfall Norge, Kommunale Avfallsbedrifter Vestlandet og i Samfunnsbedriftene.

Godt samarbeid med andre små og store gjenvinningsverksemder sikrar oss kunniskap om spennande innovative prosjekt, erfaringsdeling og moglegheit til å ta del i større prosjekt der ein som enkeltsskap vert for liten.

I haust var leiinga på strategitur til Danmark, her vitja ein blant anna ein døgnopen sjølvbetjent miljøsentral og eit spennande konsept der ein kombinerte ombruksbutikk med reperasjon og undervisning. Dette var inspirerande, og ein vil gjennomføre ulike prosjekt framover for å vurderer i kva grad ein vil overføre noko av dette til SIM.


### **DAGLEG LEIAR 3.4**

#### **Drift og fagleg utvikling**

Den daglege drifta til SIM har i liten grad vore påverka av pandemien dette året. Få tilsette har vore smitta samstundes, og både me og våre samarbeidspartnerar har fått utført alle renovasjonsterestene til innbyggjarane. Tenester som undervisning for skuleklassar og «Godt brukande» har i periodar vore redusert pga. restriksjonar. Strenge karantenereglar har og gjort risikoien for stor til at ein har våga å samla alle tilsette på personalmøter og sosiale tilstellingar. I periodar har store delar av administrasjonen måtte jobba på heimekontor, og kurs og opplæringstilbodet for tilsette har vore redusert. Digitale versjonar klarar ikkje fullt ut og erstattar dei fysiske møteplassane og ein ser fram til å i større grad kunne oppdatere seg fagleg og få inspirasjon frå andre i bransjen gjennom fysiske samlingar. På trass av spesielle tider kan verksemda glede seg over at ytterlegare 2 personar har teke fagbrev i gjenvinningsfaget dette året. Heile 11 tilsette har no eit relevant fagbrev.

Siste året har SIM forbetra sine rutinar for revisjonar av våre avtalepartar. Dette vil i endå større grad sikre oss at arbeidet vert utført som avtalt og at gjeldande regelverk vert fulgt. Også internt har ein revidert og utbetra rutinane for revisjonar av eiga drift. God oppfølging av intern og ekstern drift er ein av grunnsteinane for vidare utvikling og forbetring av drifta.

Eg vil rette ein stor takk til alle tilsette i SIM som sørger for at me leverer gode tenester til innbyggjarane. Takk til kundar, samarbeidspartnerar og eigarkommunar for godt samarbeid.



Ole J. Støle

Ole Johannes Støle  
Dagleg leiar

## 4: TILSETTE

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



**Ole Johannes  
Støle**  
Dagleg leiar



**Lars Halleraker**  
Driftsleiar  
miljøsentralar



**Arild Vik**  
Driftsleiar innsamling



**Malvin Helland  
Andahl**  
Driftsleiar  
slutthandsaming f.o.m  
1.6.20



**Janne Hillersøy**  
Plan, innkjøp og  
kommunikasjons-  
ansvarleg



**Morten Fadnes**  
Administrasjons- og  
økonomileiar



**Trude Vedå**  
Økonomi og  
administrasjons-  
ansvarleg  
Vararepresentant for  
dei tilsette i styret



**Sissel Lønning**  
Kundehandsamar  
80 % stilling



**Trine  
Tverborgvik**  
Kundehandsamar



**Olaf Skram**  
Formann /  
kundehandsamar  
miljøsentral Helane



**Linn Jeanett  
Økland**  
Kundehandsamar  
80 % stilling



**Helge Hope**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Tysnes  
60 % stilling

### 3: TILSETTE

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



**Kjell Bolme**  
Operatør omlastehall,  
Heiane



**Thom Arne  
Fredriksen**  
Operatør omlastehall



**Einar Breivik**  
Operatør kompost



**Kjell Frode Hole**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Austevoll  
54 % stilling



**Bjarte Notnes**  
Kundehandsamar  
50 % stilling



**Jostein  
Johannessen**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Bømlo



**Frank  
Verpelstad**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Heiane  
Tilsettesrepresentant i  
styret i SIM



**Bjørn Leon  
Vestbøstad**  
Operatør deponi og  
kundehandsamar  
miljøsentral Fitjar



**Sammy Sagvaag**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Bømlo



**Oscar Langballe**  
Formann /  
kundehandsamar  
miljøsentral  
Kvinnherad



**Lars Miles  
Storaas**  
Kundehandsamar  
miljøsentral  
Kvinnherad



**Inge Mikal  
Helland**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Tysnes  
68 % stilling

### **3: TILSETTE**

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**



**Aimar Hansen**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Heiane og  
Sveio



**Kurt Harry Dahl**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Heiane



**Gry Kristin  
Karlson**  
Kundehandsamar  
miljøentral Sveio  
53 % stilling



**Einar Wierdal**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Sveio  
t.o.m 31.05  
60 % stilling



**Stian Selle**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Stord.  
7 % stilling



**Eirik Vedå  
Halvorsen**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Stord.  
7 % stilling



**Håvard  
Holmedal**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Stord.  
7 % stilling



**Victoria  
Halleraker**  
Kundehandsamar  
miljøsentral Bømlo,  
t.o.m. 31.8.21.  
7 % stilling



**Kenneth  
Fjelland**  
Kundehandsamar  
miljøsentral  
Kvinnherad, f.o.m.  
01.05.21.  
7 % stilling

# 4: STYRET SI ÅRSMELDING

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

## STYRET SI ÅRSMELDING 5.1

### Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) sin hovudaktivitet er innsamling og handsaming av kommunalt avfall og tömming av slamtankar og handsaming av avvatna slam. I tillegg tek selskapet imot avfall frå næringslivet til slutthandsaming ved komposteringsanlegg eller deponi. Aktiviteten går føre seg i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Kundemålingar viser at kundane er godt nøgde med selskapet og renovasjonsordninga. Selskapet har ingen pågåande forsknings- eller utviklingsaktivitetar.

## STYRET SI ÅRSMELDING 5.2

### Økonomi

I 2021 hadde SIM ei inntekt på 121 millionar kroner. Resultatet til selskapet var på 1,4 millionar kroner. SIM har ansvar for å avslutta deponiet på ein tilfredsstillande måte, og for å driva det forsvarleg i minst 30 år etter avslutting. Selskapet skal årleg vurdera kva som er nødvendige avsetjingar for å dekke framtidige kostnader. Det er ikkje sett av ekstra midlar til fondet i 2021 og i rekneskapen står fondet med 65,5 millionar kroner. Selskapet hadde eit overskot på kommunalt avfall på 9 millionar kroner, som er tilført renovasjonsfondet. Fondet er ved slutten av året på 5,6 millionar kroner.

Slamtømeaktivitetane hadde eit overskot på 0,3 millionar kroner. Overskotet blir tilført slamfondet som ved årsskiftet var på 1,1 millionar kroner. Ved berekning av sjølvkost (etterkalkyle) legg selskapet til grunn lova, selskapsavtalen og rettleiarene for berekning av sjølvkost. Selskapet belastar ikkje gebyra kalkulatoriske renter.

Styret meiner SIM er godt budd på framtidige miljøkrav, då eigenkapitalen i selskapet er god. Årsrekneskapen gjev eit rett bilet av selskapet sine eigneluter og gjeld, finansiell stilling og resultat.

## STYRET SI ÅRSMELDING 5.3

### Finansiell risiko

SIM sin strategi er å investera med låg til moderat risiko. Overskotslikviditeten er plassert i bank, styret meiner plasseringa inneber låg risiko for selskapet.

### Arbeidsmiljø og personale

Ved utgangen av 2021 var det 25,32 årsverk i SIM, delt på 31 tilsette. Seks av dei tilsette var kvinner og 25 var menn, av desse er det ingen midlertidig tilsette. Det er teke ut 24 veker foreldrepermisjon av menn. Tre kvinner og 8 menn var i deltidsarbeid og det er ei overvekt av tilsette som er i friviljug deltidsstiling. Det er i tillegg ein lærling i selskapet. Selskapet har to grupper lønskategoriar. Gruppe 1 som omfattar kundehandsamera og operatørar, og gruppe 2 som omfattar leiargruppa og rådgjevar. Av den totale arbeidsstokken er det 19 % kvinner. 17% av gruppe 1 og 29 % av gruppe 2 er kvinner. Snittløna til kvinnene samla for gruppe 1 og 2 er 4% høgare enn snittløna til mannlige tilsette. I gruppe 1 er gjennomsnittsløna for kvinnene 7,7% høgare enn for mannlige tilsette. I gruppe 2 er snittløna til mennene 9,1 % høgare enn kvinnene si snittløn. Løn til dagleg leiar er teken med i statistikken for gruppe 2. Alle løner er omgjort til fulle stillingar. Stillinger med samme ansiennitet, og stillinger med samme ansvar har lik løn, uavhengig av kjønn.

Selskapet arbeidar aktivt for at det skal vera likestilling mellom menn og kvinner på arbeidsplassen.

Renovasjonsbransjen har tradisjonelt vore mannsdominert, men ein ser at fleire kvinner søker seg til bransjen.

## STYRET SI ÅRSMELDING 5.4

Sjukefråværet var på 3,0 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær, og styret er ikkje kjent med at noko av fråværet skuldast arbeidstilhøve.

Bygningar, anlegg og uteområde som selskapet eig er forsøkt utforma i tråd med krava om universell utforming i plan- og bygningslova. Selskapet sin nettstad og informasjonsblad er òg søkt utforma med tanke på universell utforming. Selskapet arbeider i personalsamanhang aktivt for å motverka diskriminering, sær-handsaming, trakassering og forskjellshandsaming i strid med lov om likestilling mellom kjønna. Selskapet har ikkje sett i verk spesielle tiltak.

## **5: STYRET SI ÅRSMELDING**

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

### **STYRET SI ÅRSMELDING 5.5**

#### **Ytre miljø**

Sigevatn frå moderne avfallsdeponi oppstår hovudsakleg som fylgje av at nedbør vaskar ut dei deponerte massane. Dette skjer òg i Svartasmøget. Det er etablert reinseanlegg for å redusera utsleppa ytterlegare, og det er etablert anlegg for handsaming av metangass frå deponiet. Analyser viser at det er låge nivå av jern, tungmetall og organiske miljøgifter i sigevatn frå deponiet. Det kan til dels tilskrivast effekten av reinseanlegget som har god reinseffekt for jern. Noko som òg medfører reinsing av tungmetall og organiske miljøgifter. For olje og aromatiske løysemiddel var det ikkje kvantifisbare mengder i sigevatnet i 2021.

### **STYRET SI ÅRSMELDING 5.6**

#### **Framtida**

SIM vil halde fram med å leggja til rette for gode sorteringsordningar. Dei siste åra har ein etablert to nye henteordningar, og ein ser at stadig nye krav til bransjen vil føre til nye ordningar. Selskapet har i den samanheng alltid fokus på tilrettelegging av miljørette avfallsløysingar, sett opp mot kost/nytte. Miljøsentralane er òg eit tilbod selskapet har fokus på. Desse er godt besøkte og ein ventar vekst i tråd med tidlegare års statstikk. Styret kjenner seg trygg på at SIM framover er eit selskap som gjev innbyggjarane miljørette og gode renovasjonsordningar, med auka fokus på materialgjenvinning.

### **STYRET SI ÅRSMELDING 5.7**

**STORD, 11. mars 2021**

Solveig Grønsdal  
Styreliar

Elisabeth Sandven  
Nestleiar

Edvard Johannes Stangeland  
Styremedlem

Lisa Instefjord Gilje  
Styremedlem

Inge Reidar Kallevåg  
Styremedlem

John Kristian Økland  
Styremedlem

Marit Årthun  
Styremedlem

Frank Verpelstad  
Styremedlem

Ole Johannes Støle  
Dagleg leiar

## 6: DITT AVFALL

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### DITT AVFALL 6.2

##### Avfallsmengder


Mengda av innsamla hushaldsavfall på renovasjonsrutene hadde ein nedgong frå 2020 til 2021. Det same gjaldt mengda innsamla hytteavfall. Innsamla næringsavfall på renovasjonsrutene hadde ein auke, det same gjaldt besøka på miljøsentralane.

Samanlikna med talet på kundar vart det i 2021 registrert svært få klager.

Totale avfallsmengder i 2021: 58 521 tonn

#### DITT AVFALL 6.3

##### Samla avfallsmengder som SIM tek hand om



Hushaldsavfall SIM til deponi:	2 %	1 432
Hushaldsavfall SIM sendt til attvinning:	46 %	26 730
Næringsavfall SIM til deponi:	36 %	15 009
Næringsavfall SIM til attvinning:	19 %	11 094
Slam:	7 %	4 255
Til saman:		58 521 tonn

#### DITT AVFALL 6.4


##### Hushaldsavfall

Hentefraksjonane (rest, bio, plast, papir og glas-/metallemballasje) hadde ein nedgong på 2 % frå 2020 til 2021. Totalt hadde mengder av hushaldsavfall, både henteordning og bringeordning, ein nedgong på 5 %. For den nye henteordninga med glas- og metallumballasje var innsamla mengder 948 tonn.

Kvar innbyggjar leverte 461 kg avfall i 2021. Totalt tok SIM hand om 28 162 tonn frå hushaldningane. Størstedelen av desse var utsorterte mengder som kunne gå til attvinning.

#### DITT AVFALL 6.5


##### Mengder hushaldsavfall



Samla mengde hushaldsavfall i 2021: ..... 28 162 tonn

#### DITT AVFALL 6.6

##### Avfall henta heime hos folk (medrekna hytteavfall)



Til saman:	.....	15 711 tonn
------------	-------	-------------

## 6: DITT AVFALL


### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### DITT AVFALL 6.7

##### Attvinning (Hushald)


Mengda innsamla hushaldsavfall i SIM-kommunane minka med 2 % frå 2020 til 2021. Innsamla mengder i 2021 var 15 723 tonn. Totalt mottok SIM 28 162 tonn hushaldsavfall frå innbyggjarane i Sunnhordland. 95 % av det som vart samla inn vart sendt til attvinning. Attvinningsprosenten har auka mykje sidan 2003, som var det året SIM starta med å senda avfall til attvinning. Då var attvinningsprosenten på 48 %.

38 % av hushaldsavfallet vart sendt til materialgjenvinning. Målet er at ein skal vera over landsgjennomsnittet på 41 %, og deretter nå EU-måla.



#### DITT AVFALL 6.8

##### Hushaldsavfall til attvinning



Avfallsbrensel: ..... 10 674

Våtorganisk: ..... 3 413

Heimekompostering: ..... 693

(ikkje inkl. i rapporterte mengder 28 117 t)

Papir/papp: ..... 2 153

Glas- og metallemballasje: ..... 948

Stål: ..... 1 487

EE-avfall: ..... 751

Hageavfall: ..... 1 165

Gips: ..... 242

Trevirke: ..... 4 300

Plastemballasje: ..... 438

Tekstil ..... 28

Farlig avfall ..... 416

Trevirke trykkimpregnert ..... 714

Totalt: ..... 26 730 tonn

#### DITT AVFALL 6.9

##### Hytterenovasjon

Det vert stadig bygd nye hytter i SIM-kommunane, og ordninga for hytterenovasjon er under kontinuerleg utvikling. Nye konteinarstader kjem til og kapasiteten på eksisterande lokalitetar vert auka. I 2021 var det töming av hyttekonteinera to gonger per. veke i heile juli og halve august, mot normalt éin gong i veka i sommarhalvåret.

SIM si ordning for hytteabonnentar er hyttekontinera, kontinera for glas- og metallemballasje og/eller hyttedunk. Hyttekundar kan sortere avfall ved og bestille vanleg tre-dunk system som hushaldsabonnentane har. I tillegg kan dei levera avfall på våre miljøsentralar.

## 6: DITT AVFALL

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

### DITT AVFALL 6.10


#### Deponi

I 2021 vart det levert 16 441 tonn avfall til deponiet i Svartasmåget, ein nedgong på 49 % frå året før. Av motteke tonn er 830 av desse reine massar. Noko av dette er allereie brukt til celledeling og tildekking.

Ein har no i hovudsak skilt ut plastprodukt som ikkje kan gjenvinnast frå ordinær deponicelle til eiga celle. Denne fraksjonen er sett høgare pris på og difor har ein fått mindre/ikkje avvik på desse leveransane. Ved å skilje dette frå hovudcella reduserer me brannfaren på begge plassar og gjer det enklare og avdekka avvik med mottakskontroll. Det er oppdaga ein liten lekkasje i eit rør under deponiet som sigevatnet treng seg inn i. Ein føl med på utviklinga av denne ved prøvetaking slik at ein kan vurdere vidare tiltak. Lekkasjen forureinar i liten grad.

### DITT AVFALL 6.11

#### Mengder til deponi



Mengder levert til deponi, totalt i 2021: ..... 16 441 tonn

### DITT AVFALL 6.12

#### Slamtømming

I 2021 henta SIM slam frå heilårsbustadar i Bømlo og Sveio, og frå heilårsbustadar/fritidsbustadar i Kvinnherad. Året har vore noko prega av pandemien. Tenesta til SIM er rekna som samfunnskritiske oppgåver. Pandemien har likevel ikkje gått ut over tømmejobben anna enn små forseinkingar på det verste. Totalt vart det utført 4803 ordinære tømmingar og 241 naudtømmingar i 2021.

### DITT AVFALL 6.13

#### Hushaldsavfall

Avfalls mengda har vore høg også i 2021. Også frå kommunale bygg har avfalls mengda auka grunna utvida bruk av eingongsklede, testutstyr og liknande. Transportøren har opplevd smitte blant dei tilsette, men smitten har heldigvis spreidd seg over tid og ein har unngått å måtte setje i verk naudplanar eller tiltak. SIM opplever utfordringar knytta til fleire nye avfallsposar som vert selde som komposterbare. Slike posar inneheld spor av plast og kan ikkje komposteras/brytast ned til mold. Feil posar i bioavfallet fører til meir arbeid og auka kostnadane for selskapet. SIM nyttar alle informasjonskanalar og mykje tid på enkeltkundar for å få dei til å nyta rett merka maisposar som er godkjent til kompost.

Renovasjonsbilane hentar/tømmer ca. 100 000 dunkar pr. mnd, men har likevel svært få avvik knytt til henting. Ein opplever å ha ein stabil sjåførstab og veldig lågt sjukefråvær.

## 7: VÅRT SAMFUNN

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### VÅRT SAMFUNN 7.2


##### Eit reinare Sunnhordland

SIM er oppteken av at Sunnhordlandsnaturen er rein og frisk. Selskapet har difor alltid hatt fokus på å støtta tiltak som engasjerer og motiverer innbyggjarane til å rydda avfall der ein ikkje klårt kan peika på kven som har ansvar. Ryddedugnadane er veldig populære og mange innbyggjarar tek oppmadinga om å engasjera seg for ein reinare og ryddigare heimkommune.

##### Rydd Sunnhordland

Ingen velforeiningar søkte om å rydda i nærmiljøet i 2021. Rydd Sunnhordland er ein ryddedugnad der vellag, burettslag og andre kan søkja om å få rydda nærområdet sitt. Ein kan meldia seg på ryddeaksjonen heile året. Avfallet som vert samla inn må fraktast til ein av SIM sine miljøsentralar. Der kan det leverast kostnadsfritt. Årsaka til at det var så få som søkte i år kan vera fleire. Den eine kan skuldast Covid-19, den andre kan vera at fleire lag - og organisasjonar vender seg mot strandrydding i stadenfor å rydde i nærmiljøet.

#### VÅRT SAMFUNN 7.3



Rydd i nærmiljøet 2021: ..... 0  
Rydd ei strand\* 2021: ..... 27

\*Starta opp i 2014.

#### VÅRT SAMFUNN 7.4

##### Rydd ei strand

SIM ynskjer å få i gong rydding av strender som ingen offentlege instansar har ryddeansvar for. SIM bidrog til at 27 slike aksjonar resulterte i rydding i fleire store strandområder i Sunnhordland.

##### Meld frå om forureining

SIM sitt bidrag i denne aksjonen er ikkje å rydde opp, men å hjelpe grunneigar, kommunen eller den som har forsøpla, til å finne løysingar slik at det vert rydda opp. Ei målsetjing er å få ut informasjon om kven som har ansvar for å rydde opp i forureining. Sidan oppstart har SIM bidratt til opprydding i over 200 saker.

#### VÅRT SAMFUNN 7.5

##### Informasjon

SIM sitt informasjonsarbeid har to hovudfokus. Det eine er å informera innbyggjarane om ordningane, tenestene, løysingar og miljørett avfallshandtering. Det andre er å motivera og vera pådrivar for å skapa rette haldningar knytt til miljørbeid og berekraftig utvikling.

SIM sine publikasjonar, sorteringsguidar, sentralbord, miljøsentralar, tømmekalender, SIM APP, SIM sine nettsider, facebook og pressemeldingar var dei viktigaste informasjonskanalane for selskapet i 2021.

I vår digitale tidsalder ser ein at det stadig dukkar opp nye måtar og nå innbyggjarane på. SIM er medviten si rolle både med tanke på å vera tilstades i dei medium abonnentane brukar, samstundes som ein må vurdere kva kanalar det er hensiktsmessig å nytta.

##### Skuleprosjektet

II 2021 var det færre skuleelevar og lærarar hjå SIM enn det plar vera. Våre skulebesøk våren 2021 vart avlyste på grunn av Covid-19. Hausten 2021 var 16 klassar på besøk for å læra om kjeldesortering, attvinning og berekraftig utvikling. Fire klassar måtte avlyse sine besøk grunna Covid 19. SIM betalar reisa for skuleklassane.

## **7: VÅRT SAMFUNN**

**Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS**

### **VÅRT SAMFUNN 7.6**

#### **SIM sitt miljøfond**

I 2014 selde SIM datterselskapet SIM Næring. Det vart vedteke i representantskapet at ein skulle opprette eit miljøfond og plassere overskotet frå salet der. Fondet sin verdi er ved utgangen av 2020 om lag 47,8 millionar kroner. SIM sitt miljøfond skal gå til tiltak som på ulikt vis gjev betre miljø for innbyggjarane i eigarkommunane til selskapet. Miljø er summen av alle faktorar som menneska er omgjevne og påverka av. Alle kan søkja midlar frå fondet. Til dømes: lag, organisasjonar, kommunar, verksemder eller privatpersonar. Styret i SIM set opp prioritert liste over tildeling av midlar. Representantskapet handsamar tildelinga som eiga sak på representantskapsmøtet. I 2021 fekk 25 søkerar innvilga støtte frå fondet. Totalt vart det delt ut 3 680 533 kroner.

#### **Andre tilskotsordningar**

10 søknader om tilskot til kjøp av tøybleier vart godkjende. Det vart gjeve litt tilskot til loppemarknadar og gjenbruksbutikkar.

## 7: MILJØSENTRALAR

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

### MILJØSENTRALAR 8.2

#### Kundar og avfall i 2021

I 2021 var det 81 042 vitjingar ved dei sju miljøsentralane våre. Kundane leverte 15 071 tonn avfall og totalt kom 44 % av hushaldsavfallet inn via miljøsentralane. Selskapet fokuserer på farleg avfall og stadig fleire avfallstypar vert definert som farleg avfall. Skjerpa krav til drift av anlegg som skal ta i mot farleg avfall fører til auka kostnader.

Selskapet har godt tilrettelagt tilbod for mottak av farleg avfall og EE-avfall gjennom våre miljøsentralar. Om lag 5 % av avfallet selskapet tek i mot frå hushald er farleg avfall. Dette avfallet kjem inn via miljøsentralane. Selskapet har i tillegg ryddetiltak som i mange tilfelle fører til opprydding av slikt avfall i naturen. I 2021 tok SIM i mot 1327 tonn farleg avfall frå hushald.

Privatkundar som leverer avfall til miljøsentralen betalar om lag ein tredjedel av det det kostar å driva tilboden, resten er dekka gjennom renovasjonsgebyret. Næringsdrivande skal betale fulle kostnader.

Tal på kundar i 2021: 81 042

### MILJØSENTRALAR 8.3


#### Vitjingar i 2021

SIM sine miljøsentralar hadde ein auke i besøkstalet på 0,5 %. Mengda avfall levert til miljøsentralen hadde ein nedgong på 13,6 % frå 2020. SIM har miljøsentral i alle eigarkommunane (7 stk). Ved SIM sine miljøsentralar kan innbyggjarane levera avfall dei ikkje har plass til, eller ikkje har lov til å kasta i behaldarane ein har fått utdelt av SIM. Innbyggjarane betalar om lag ein tredjedel av kostnaden. Resten vert dekka gjennom renovasjonsgebyret. Næringslivet kan også nyta seg av miljøsentralen, men dei betalar faktiske kostnadar etter vekt/volum.

0,5 % fleire vitjingar i 2021.

### MILJØSENTRALAR 8.4


#### Kundar ved SIM sine miljøsentralar



Hushaldskundar ved SIM sine miljøsentralar: ..... 81 042 pers.

### MILJØSENTRALAR 8.5

#### Mengder hushaldsavfall 2021




Mengder hushaldsavfall levert til SIM sine miljøsentralar i 2021: 12 294 tonn

Mengder hushaldsavfall henta på renvovasjonsruta i 2021: 15 723 tonn

Totalt mengder hushaldsavfall i 2021: ..... 28 162 tonn

### MILJØSENTRALAR 8.6

#### Farleg avfall



Kvar innbyggjar leverte om lag 22 kg farleg avfall i 2021

## 9: Kompostanlegg

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS


### KOMPOSTANLEGG 9.1

Komposteringsanlegget tok imot 3 413 tonn våtorganisk avfall frå SIM-kommunane og 3 106 tonn frå næringskundar. I tillegg tok ein i mot 2 421 tonn avvatna slam frå SIM-kommunar og 1834 tonn slam frå næringskundar. Ein har og teke mot 789 tonn reint trevirke og 4 099 tonn hageavfall frå hushald og næring. Komposten som blir produsert i Svartasmøget kan kjøpast ved alle SIM sine miljøsentralar og er eit populært jordforbetningsprodukt. Prisen i 2021 var kr 450 kr per tonn inkl. mva. Salet gav ei inntekt på kr. 1.34 millionar kroner eks. mva.

Totalt vart det handsama 15 570 tonn i komposteringsanlegget i 2021.

### KOMPOSTANLEGG 9.2


#### Mengder til kompostering



Totalt i 2021 ..... 15 570 tonn

### KOMPOSTANLEGG 9.3

#### Selde mengder kompost



Totalt i 2021 ..... 4 095 tonn

# 10: Gjenvinning

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

## GJENVINNING 10.2

### Avfallspyramiden



## GJENVINNING 10.3

Avfall vert gjenvunne på tre måtar: Ombruk, materialgjenvinning og energiutnytting. Avfallshierarkiet viser kva som gjev best effekt med tanke på miljøet.

### Ombruk

Me kallar det ombruk når folk tek i bruk gjenstandar andre har kvitta seg med. Døme er syklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer og klede.

### Materialgjenvinning

Når avfall vert brukt som råstoff i nye produkt, vert det kalla materialgjenvinning. Døme er papir som blir til nytt papir til bruk i aviser/magasin.

## GJENVINNING 10.4

### Energiutnytting

Når avfall vert brukt som energikjelde, kallar ein det energiutnytting. Døme er når restavfall vert brent og nyitta til oppvarming. I 2021 vart 95 % av hushaldsavfallet som SIM mottok frå medlemskommunane attvunne. I tillegg kom avfall som vart samla inn gjennom dei landsomfattande returordningane. SIM har ikkje tilgjengeleg statistikk for desse ordningane, som m.a. femner om pant på boksar og flasker, bilar og EE-avfall som blir levert direkte til forhandlar av slike produkt.

38 % av avfallet vart sendt til materialgjenvinning.

### Heimekompostering

11 prosent av abonnentane komposterer bioavfallet sitt heime, om lag som i 2021. Totalt er det 2727 registrerte bingar. I tillegg kjem 351 kundar som deler bingene med andre. Abonnentar som komposterer heime, slepp å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordforbetringsmiddel, og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunken. Om kvar innbyggjar produserer 90 kilo bioavfall i året, vart det i 2021 heimekompostert 693 tonn avfall.

# 11: Renovasjonsgebyr

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS


## RENOVASJONSGEBYR 11.1

### Renovasjonsgebyr

Renovasjonsgebyret som kundane betalar er ein kombinasjon av dunkgebyr (ca. 70 %) og abonnementsgebyr (ca. 30 %). Abonnementsgebyret ut frå SIM er likt. Likevel betalar kundane ulikt for renovasjonstenestene. Årsaka til dette er at kommunane legg på gebyret for å dekka sine utgifter med renovasjonsordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune. Også for hyttekundar er renovasjonsgebyret i utgangspunktet likt. Årsaka til at betalingssatsane likevel varierer, er den same som over. Alt i alt er det SIM, og ikkje kommunane, som tek den økonomiske risikoen med endringar i avfallsmengda.

## Renovasjonsgebyr 11.2

### Kommunalt abonnementsgebyr for hus i 2021



1: Totalt abonnementsgebyr


2: Gebyr til SIM

3: Kommunal eigenkostnad

	1	2	3
Austevoll	1035	1169	- 90,00
Bømlo	1213	1169	+ 43,75
Fitjar	1250	1169	+ 81,25
Kvinnherad	1213	1169	- 43,75
Stord	1244	1125	+ 118,75
Sveio	1364	1125	+ 238,75
Tysnes	1124	1125	- 1,25

## RENOVASJONSGEBYR 11.3


### Gjennomsnittleg renovasjonsabonnement hushald i 2021



Austevoll	2 779
Bømlo	2 933
Fitjar	2 880
Kvinnherad	2 876
Stord	2 858
Sveio	3 016
Tysnes	2 208

## RENOVASJONSGEBYR 11.4

### Renovasjonsgebyr fritidsbustad



1: Totalt abonnementsgebyr (kr.)

2: Gebyr til SIM (kr.)


3: Kommunal eigenkostnad (kr.)

	1	2	3
Austevoll	1325	1344	- 18,75
Bømlo	1375	1344	+ 31,25
Fitjar	1388	1344	+ 43,75
Kvinnherad	1375	1344	+ 31,25
Stord	1356	1300	+ 56,25
Sveio	1415	1300	+ 115,00
Tysnes	1384	1300	+ 83,75

# 11: Renovasjonsgebyr

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

## RENOVASJONSGEBYR 11.5 Slamtømmegebyr for heilårshus i 2021




1: Totalt abonnementsgebyr

2: Gebyr til SIM

3: Kommunal eigenkostnad

	1	2	3
Austevoll	788	794	- 6
Bømlo	813	794	+ 19
Fitjar	813	794	+ 19
Kvinnherad	838	794	+ 44
Stord	775	772	+ 3
Sveio	920	772	+ 148
Tysnes	1118	772	+ 346

## RENOVASJONSGEBYR 11.6 Dette går gebyret til:



